

Til
Naboar og andre rettshavarar
Offentlege høyringsinstansar
Lag og organisasjonar

DERES REF: | VÅR REF: 10240299-01
DOKUMENTKODE: 10240299-PLAN-BREV-001
TILGJENGE: Open


Voss, 28. juni 2022

VARSEL OM REGULERINGSENDRING AV DEL AV GJELDANDE REGULERINGSPLAN, VOSS HYTTEGREND PLANID: 12352015001, VOSS HERAD REGULERINGSENDRING for områda Vikeshagen, Himlesdalen og Oldesåsen

I medhald av plan- og bygningslova §§12-8 og 12-14 vert det med dette varsla reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for Voss Hyttegrend, planID: 12352015001 i Voss Herad.

Endring av gjeldande reguleringsplan omfattar delområda Vikeshagen, Himlesdalen og Oldesåsen. Reguleringsendringa omfattar i hovudsak:

- Endra løysing for renovasjon
- Opparbeidde trasear for skiløyper
- Omsøkt og bygd skibruer
- Opparbeidd parkeringsareal til Herresåsen
- Omsøkt og bygd høgdebasseng i Himlesdalen
- Omsøkt og opparbeidde tilkomstar til hyttetomter
- Opne for etablering av sti i Vikeshagen



Planendringane:

Endringsbehovet omfattar endringar av plankart og føresegner slik at de samsvarer med omsøkte og godkjende løysingar for høgdebasseng, skibru og opparbeida løysingar for skiløypetrasear, skibru, renovasjonsområder og parkeringsplass samt regulerte tilkomstspiler for hyttetomter.

I føresegnene vert det føreslått tilføyingar som sikrar at skiløypetraseane kan nyttast som sykkeltrasear utanom skisesong og når det ikkje er snø.

I vedlagde planskildring av foreslått reguleringsendring er det vist og omtalt planendringane.

Kapittel 5 i planskildringa omtaler endringar i plankartet innanfor dei ulike delområda (Vikeshagen, Himlesdalen og Oldesåsen). Kapittel 4.4 omtaler foreslått endring i føresegner.

Varsel om reguleringsendring

Informasjon og fullstendig varsel om reguleringsendringa er også kunngjort på:

Multiconsult si heimeside under aktuelt-kunngjøringar: www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/

Voss Herad si heimeside under kunngjeringar:

<https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/>

Der er det lagt ut oppdatert plankart, plankart med linjer frå gjeldande plan, føresegner og planomtale til gjeldande plan og forslag til endring.

Eit papireksemlar av planforslaget er også tilgjengeleg i Servicetorget på Voss rådhus.

Innspel / merknad til planarbeidet

Offentlege mynde, grunneigarar, naboar og andre partar vert varsla med dette brevet.

Innspel og merknader til planarbeidet må sendast skriftleg **19.august 2022** til:

Multiconsult, Nesttunbrekka 99, 5221 NESTTUN, eller på e-post til Toril Amundsen:

toril.amundsen@multiconsult.no

Vidare saksgang

Etter merknadsfristen er ute vil dei merknadene som har kome inn verte sendt med forslag til planendring til Voss herad. Planendringa kan når det ikkje er vesentlege merknader til planendringa handsamast som ei mindre reguleringsendring av planavdelinga i Voss herad.

Dette varsel om reguleringsendring er å vurdere som høyring av ei mindre planendring.

Dersom planen må takast som ei vanlig reguleringsendring vil forslag til reguleringsplan verte sendt til Voss kommune for sakshandsaming etter at merknadsfristen er gått ut. Etter fyrste gongs handsaming vert planen lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Det vil da verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med vennleg helsing

Toril Amundsen

Multiconsult

Vedlegg:

- Plankart med forslag til endring, datert 27.06.2022
- Plankart med forslag til endring som også viser gjeldende reguleringsplan sine formålslinjer, datert 27.06.2022
- Føresegner med forslag til endring i føresegnene, datert 28.06.2022
- Planskildring av forslag til reguleringsendring, datert 28.06.2022